

Bedriftsserie Pitch & Putt Kristtorskogen Golfpark

Kristtorskogen Golfpark har gleda av å ønske velkomen til årets bedriftsserie i Pitch & Putt.

Bedriftsserien vil i år bestå av dobbel grunnserie, og cup(sluttspel). Grunnspelet går over 2 x7 rundar kor alle laga møter kvarandre 2 gongar.

Cupen startar etter at seriespelet er ferdig, og gjennomføres etter utslagsmetoden(Cup-spel). Resultata etter seriespelet gjev grunnlag for rangering i cup-spelet.

Det vil bli kåra både seriemeister og cupmeister.

Kvar bedrift kan nytta inntil 8 spelarar gjennom heile sesongen. I grunnserien går kampane med 2 spelarar på kvart lag. I cupen stiller kvart lag med 4 spelarar.

Kampane speles som "Greensome". Dette er ei speleform der 2 og 2 speler mot kvarandre.

Begge på laget slår ut på kvart hol. Laget blir så einige om kva ball som ligger best plassert og spelar vidare på denne. Den spelaren som ikkje får sin ball valt etter utslaget slår slag nummer 2. Dei to på laget slår så anna kvart slag til ballen ligg i koppen. Det laget som vinn flest hol vinn kampen.

Bedriftsserien speles med ¼ Pitch & Putt HCP. Spelarane på kvart lag legger saman HCP'et sitt og deler så på 4 for å komme fram til mottatte slag. Avrunding skjer til næraste heile slag. Me har eigen omrekningstabell for dei som ikkje har Golf-HCP. Dei som ikkje har golf eller P&P HCP får 21 i P&P HCP. Mottatte slag fordeles på hola etter banens index.

Eksempel 1 : Lag A – Spelar 1 har HCP 14,4 og spelar 2 har HCP 21, utrekning: $(14,4+21)/4 = 8,85 = 9$ mottatte slag

Eksempel 2: Lag B - Spelar 1 har HCP 5 og spelar 2 har HCP 6, utrekning: $(5+8)/4 = 3,25 = 3$ mottatte slag.

Kvar kamp går over 9 hol. Kvar vunnen kamp gjev 3 poeng, og uavgjort gjev 1 poeng. Poenga tjenes gjennom heile sesongen, og vil bli summert i tabellar som oppdateras på heimesida til Golfparken ein gong i veka.

Ny regel: Spelarar med lågare Golf HCP enn Pitch & Putt HCP vil få sitt P&P HCP ned justert etter omrekningstabellen.

For å skape ei sosial ramme, og forenkle kampavviklinga, vil måndagar bli fast kampdag i år. Kampane blir satt opp med 10 minutt mellomrom frå kl. 17:00. Dersom eit lag ikkje har anledning til å spela på oppsett tidspunkt har dei ansvar for å kontakte motstandar laget og avtale nytt kamptidspunkt. Kampen må då speles innan måndagen etter.

Bedriftsserien rundes av med ein finaledag i september med påfølgjande bankett i Kristtornbua.

Med venleg helsing

Hans Langeland
Kristtorskogen Golfpark
Ksgolfpark@gmail.com
95 75 02 11